

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 14. mai 2019

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.00

Til stades: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Simen Elias Nordbrønn Myklebust, Bjørg Djupvik Grebstad, Monika Breivik Orre, Janne Svindseth, Liv Norli Hole og Knut Henning Aursnes.

I tillegg møtte Arild Sporsheim til sak 15/19.

Torbjørn Støylen hadde ansvar for opningsord. Han las frå Knut Grønvik si bok «Alle Dagar», andakta: «Privat parkering for kirken».

Janne Svindset hadde ansvaret for mat og hadde laga til eit flott kveldsmat-bord, med brødmat og frukt i mange fargar. Etter måltidet starta soknerådet å handsame følgjande saker:

Sak 11/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Sakliste og innkalling vert godkjent.

Sak 12/19 Godkjenning av referat frå møte i Sykkylven sokneråd 19.02.2019

Vedtak: Referatet vert godkjent slik det ligg føre.

Sak 13/19 Søknad frå Sykkylven Speidargruppe


Sykkylven Speidargruppe skal på utanlandstur til Kandersteg i juli 2019, og søker Sykkylven sokneråd om støtte til turen med kr 10.000,-

Vedtak: Sykkylven sokneråd er stolt av å ha ei så stor og aktiv speidargruppe i kommunen. Sykkylven soknerådet støttar Sykkylven Speidargruppe sin utanlandstur til Kandersteg i 2019 med kr 10.000,-. Midlane skal takast frå fond avsett til barnarbeid – 25120000.

Sak 14/19 Korleis presenterer vi oss som kyrkjelyd?

Saka er ei vidareføring av tråden frå visjonssamlinga frå 2017. Monica Breivik Orre innleia. Ho tok fram at vi har eit bra tilbod, men at dette ikkje er like kjent for mange. Kyrkja konkurrerer med mange andre aktivitetar, og kyrkja har difor ein jobb å gjere i forhold til korleis vi presenterer oss ut. Ho saknar ei bevist haldning til korleis vi formidlar og deler det vi har. Kyrkja er ein unik samlingsstad for born og unge. Spørsmålet er korleis vi formidlar dette ut.

Etter innleiinga hadde kom soknerådet fram med følgjande innspel og idear:



Sykkylven sokneråd

- Bruke profesjonell marknadsfører, og gjerne utfordre nokon frå kyrkjelyden med erfaring og kunnskap om dette til å hjelpe med dette.
- Kyrkjelyden viser nestekjærleik, gjestfridom og inspirerer familie, venner, naboar, kollegaer og kjente til å kome til kyrkja.
- Rollups, infoskjermer i våpenhuset, men forslag også til infoskjermer på kyrkjekontoret.
- Sosiale media.
- Informasjonsfilm om kva som skjer i kyrkja, utfordre konfirmantar til dette arbeidet.
- Bruke Sykkylvsbladet meir aktivt og invitere dei til å skrive reportasjar om dei ulike aktivitetane som skjer i kyrkja.
- Lage ein medieplan som spreier reportasjane utover året.
- Foto/video-gruppe blant konfirmantane.
- Simen kan lage fleire presentasjonsfilmar.
- Presentasjonsfilm om kva som skjer i kyrkja frå videokanonane som vert synt før gudstenesta startar.
- Presentere ulike "grupper" frå kyrkjelyden i gudstenestene – synleggjere arbeidet – gjerne i samband med offeret

Vedtak: Innspela og ideane tar soknerådet med seg til neste soknerådsmøte for vidare arbeid.

Sak 15/19 Fastsetting av rekneskap 2018

Arild Sporsheim gjekk gjennom saksframlegget for rekneskapan for 2018.

Vedtak: Sykkylven sokneråd fekk framlagt rekneskap for 2018, tok det til vitande og signerte.

Sak 16/19 Høyring: Endring/justering av prostigrenser, evt. samanslåing av prosti i Møre bispedøme

Simen Myklebust leia gjennomgang av skjema for høyringssvar, som vart fylt ut i soknerådsmøtet.

Vedtak: Sykkylven sokneråd vedtek høyringssvar, og ber om at kyrkjevevjen sender det inn. Sjå vedlagt høyringssvar.



Sykkylven sokneråd

Orienteringssaker:

- Søknad om permanent løysing av frontpartiet i Sykkylven kyrkje.
- Søknad og tilslag av diakonmidlar/utlysing.
- Kandidatar BDR: Torbjørn Støylen er kandidat på nominasjonskomiteens liste.
- Val sokneråd: Det var utfordringar med å finne kandidatar til soknerådsvalet, Det vil difor vere ein fordel å arbeide med rekruttering også utanom valperiodane.

Eventuelt: Neste soknerådsmøtet vert 3. september 2019.

I staden for avslutning til sommaren, markerar vi oppstart etter ferien i hytta til May Lisbeth Hovlid Aurdal. Bjørg Grebstad og Torbjørn Støylen kjøper inn grillmat og Janne Svindset bakar ei god kake. Oppgåver i høve til valet vert fordelt på dette møtet.

Referent: Knut Henning Aursnes